



Fylkesordføreren i Vestland
Jon Askeland

Solund, den 16.03.2020

FJORDANE FRILUFTSRÅD SØKJER FYLKESKOMMUNALT INVESTERINGSTILSKOT SKJÆRGÅRDSTJENESTE !

Vyrde Fylkesordfører !

Fjordane Friluftsråd har i møte med Miljødirektoratet fått klare signal på at ein søknad om midlar til Skjærgårdstjenestebåt er velkomen, men at haldbarheita på desse midlane ikkje er evigvarande.

Vi har i over 2 år jobba for å skaffe ein eigna båt til Skjærgårdstjeneste, i marinealuminium med bauglem, kran og vinsj på plass til teneste på kyst og ytre fjordstrøk av Sogn og Fjordane.

Kva er Skjærgårdstjenesten ?

<https://www.friluftsrad.no/arbeidsomrader/sjo-og-friluftslivet/skjaergardstjeneste>



MS Astrid, Friluftsrådet Vest,



Arronet 30 CCI Work

Kvifor treng vi denne tenesta i Sogn og Fjordane ?

- Utvikling, skjøtsel og tiltak for friluftsliv i skjærgården, statlig sikra område, drift kai, telt plassar, parkering, toalett, bade plassar, etc.
- Vern og skjøtsel av område med biologisk mangfald – sjøfuglreservat i samarbeid med Fylkesmann og SNO. Sogn og Fj. har dei største sjøfuglreservata i landet.
- Bekjempe marin forsøpling
- Båten vere i beredskap som transportstøtte oljevern, brann etc. i kommunane.

- e) Aukande press på sjøareala til næringsformål som gjer det viktig å ha ei synleg båttjeneste som kan oppfylle kommunane sine planar for friluftslivstiltak.
- f) Samla sett vil det bety veldig mykje for moglegheitene til å utvikle eit betre friluftsliv i skjærgarden og eit betre miljø for alt levande liv, men også skape positive ringverknader for andre næringar som vel å satse på bl.a turisme. Alle tiltak gjort med opprydding og tilrettelegging høgar brukarverdien og opplevinga av desse natur og friluftsområda. I tillegg vil det skape betre samarbeidsvilkår mellom kommunane og regionen.

Det er Miljødirektoratet som må godkjenne ei slik teneste, men finansieringa må først lokalt forankrast ved at medlemskommunane forpliktar seg med investeringsmidlar samt langsiktige årlege driftsmidlar. Fylkeskommunen skal også ta sin del av investering og drift, før ein rettar søknaden til Miljødirektoratet. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har bevilga kr.400.000,- til investering og Solund Kommune som ein av medlemene har løyvd kr.250.000,- medan Askvoll, Kinn og Bremanger enno ikkje har avsatt midlar til denne tenesta. Vi har forståing for at kommunane har anstrengt økonomi og ser dette som eit ekstra løft å få til. I samråd med Miljødirektoratet har vi difor sett på båtløysningar med ei kostnadsramme som både gjev lågare investerings- og driftskostnader.

Då offentlege innkjøpsreglar nok også gjeld for eit interkommunalt Friluftsråd, må vi innhente anbud fra 3 ulike leverandører.

Vi skisserer difor eit nytt forslag til løysing med budsjettpris på fartøy ca 30 fot, der Solund, Askvoll og Bremanger går inn med kr.100.000,- og Kinn med kr.200.000,-. Dette er under ei halvering av tidligare budsjett og bør vere mogleg å få gjennomslag for. På driftssida er tenkt at Askvoll, Solund og Bremanger går inn med årleg kr.80.000,- og Kinn med kr.160.000,-, samla kr.400.000,-.

Finansieringa tek høgde for at Vestland Fylkeskommune løyver kr.600.000,- til investeringa, og kr. 400.000,- i årlig driftstilskot.

Utan den lokale og fylkeskommunale forankringa kjem vi ikkje vidare, og kan dermed gå glipp av inntil kr.2. millionar i investeringsstøtte frå Miljødirektoratet, og ca 1 million i årleg driftsstøtte !

BUDSJETT

| Båt og finansiering | Invest 2020/2021 | Årleg drift |
|----------------------------|-------------------------|--------------------|
| 30 fot | 3 000 000 | 1 600 000 |
| Miljødir. | -1 500 000 | -800 000 |
| Medlemskommunar | -500 000 | -400 000 |
| Fylkeskommunar | -1 000 000 | -400 000 |
| Sum | 0 | 0 |

Dette er eit historisk høve til å få Skjærgårdstjeneste på kysten av Sogn og Fjordane.

Møre og Romsdal har nyleg fått Skjærgårdstjeneste, og Bergen og Omland Friluftsråd har hatt denne tenesta sidan 90 talet med veldig gode erfaringar.

Den 25.10.2019 vart det gjort eit historisk vedtak i Stavanger då Fjordane Friluftsråd vart innlemma i Vestkystparken. Dette betyr at Friluftsrådet vil nyte godt av dette faglege og økonomiske samarbeidet der Vestland Fylkeskommune er sekretæriat.

Vi blir no synlege på dette kart og satsingsområde for Skjærgårdstjenesten like frå Egersund til Måløy, men utan ein båt vert vi lite synlege og dugande i praksis...

Vi tør difor be om ei positiv og velviljug handsaming av søknaden !

Mvh

Arlene Vågene
-styreleiar-

Bjarte Engevik
-dagleg leiar-

Fjordane Friluftsråd
bjarte@friluftsrad.no
www.fjordane.fr.no
Tlf.99487500

